

# RETNINGSLINJER FOR TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA I MØRE OG ROMSDAL. GJELDANDE FRÅ 1. NOVEMBER 2003.

Fastsett av samferdselsutvalet i Møre og Romsdal i møte 25. november 1987, med siste endringar vedtekne i møte 15. oktober 2003.

## 1 Formålet med transporttenesta

I St.meld. nr 92 (1984 - 85) "Om transport av funksjonshemmede" er funksjonshemma definert slik:

"Som funksjonshemmet regnes person som ikke uten vesentlige vanskeligheter kan bruke vanlige kollektive transportmidler."

Transporttenesta er meint å vere eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med livslang forflyttingshemming.

Transporttenesta er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typar reiser med unnatak av:

- reiser som blir betalt av trygdekontor. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning
- reiser til/frå skole
- andre reiser betalt av det offentlege

## 2 Brukartal, brukartak

Fylkeskommunen fastset eit maksimalt samla tal (%) transportbrukarar (brukartak) i høve til folketalet i fylket. Samla brukartak blir å fordele kommunevis i samsvar med fastsett fordelingsmåte.

## 3 Godkjenning av transportbrukarar.

### 3.1 Søknad, godkjenningnemnd, godkjenningstid, klage, venteliste

Kommunane godkjenner personar etter søknad på fastsett søknadsskjema og innanfor ramma av fylkeskommunen sitt fastsette brukartak.

Person som er godkjend som tt-brukar i anna fylke, må søkje om ny brukargodkjenning ved flytting til Møre og Romsdal.

Person som er godkjend som tt-brukar i Møre og Romsdal, men som flyttar innan fylket, treng ikkje å søkje på nytt. Brukaren blir å registrere som brukar i sin nye heimkommune.

Kommunane blir oppmoda om å skipe ei godkjenningsemnd for å avgjere søknader. Godkjenningnemnda kan t d vere samansett av kommunelege, sjukepleiesjef, sosialkurator, sosialkonsulent og representant for dei funksjonshemma sine organisasjonar.

Kommunen kan be søkjar leggje fram erklæring frå til dømes lege på fastsett skjema. Slik erklæring må innehalde ei vurdering av kor vanskeleg det er å nytte kollektivt transportmiddel. Slik erklæring er å sjå på som eit hjelpemiddel ved vurdering av søkjar.

Vedtak om brukargodkjenning, vedtak om avslag på brukargodkjenning og vedtak om oppheving av brukargodkjenning, er einskildvedtak med klagerett, jfr forvaltningslova. Kommunen sitt klageorgan er klageinstans.

I vedtak om brukargodkjenning skal opplysast følgjande:

- Godkjenning gjeld i utgangspunktet for det aktuelle kalenderåret
- Ny årleg søknad er ikkje naudsynt, men kommunen kan vurdere brukargodkjenninga på nytt
- Godkjenning kan bli oppheva dersom brukar ikkje lenger fyller godkjenningvilkåra, dersom godkjenningvilkår blir endra, eller dersom annan søkjar blir prioritert foran

Søklarar som oppfyller vilkåra for brukargodkjenning får vedtak om godkjenning. Dei det ikkje er mogleg å melde inn til fylkeskommunen på grunn av oppnådd brukartak, blir å plassere på venteliste for seinare innmelding.

Kommune bør etter behov halde av nokre ledige plassar for eventuell klagehandsaming.

Fylkeskommunen kan i samråd med kommunane be om at alle tt-brukarar får vurdert grunnlaget for brukargodkjenning på nytt.

TT-brukar som ikkje nyttar transporttenesta, eller ikkje lenger er i stand til å nytte transporttenesta, bør trekkjast ut av ordninga.

### 3.2 Godkjenningvilkår, kven blir ikkje omfatta av ordninga.

Funksjonshemminga skal være varig og må vere i minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal leggjast til grunn, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad.

Personar fast busett i kommunale eller private institusjonar/buformer med heildøgns omsorg og pleie med heimel i Lov om helsetenester i kommunane kan ikkje godkjennast. Dersom ein godkjend brukar flyttar til slik institusjon/buform fell tidlegare brukargodkjenning vekk. Unntak gjeld personar under 67 år. Personar på korttidsopphald er ikkje å sjå som fast busett.

Barn som ikkje treng transport med spesielt tilrettelagt bil er ikkje aktuelle å godkjenne før dei er i ein alder der dei som funksjonsfriske ville kunne reise kollektivt på eiga hand. Retningsgjevande alder er 10 år.

### 3.3 Prioritering av søklarar

#### 3.3.1 Ikkje skjønsmessig vurdering. Førsteprioritet

- Rullestolbrukarar og blinde skal godkjennast utan omsyn til mottak av eventuell grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda.
- Søkjar som er godkjend tt-brukar i anna fylke, men som flyttar til Møre og Romsdal, og som oppfyller godkjenningvilkår

#### 3.3.2 Skjønsmessig prioritering

- Søkjar med varig livslang forflyttingshemming skal prioriterast
- Søkjar (ikkje rullestolbrukar, blind, jfr.3.3 .1) som mottek grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda, kan prioriterast etter søkjar utan slik stønad.
- Søkjar med varig forflyttingshemming, men mest knytta til visse delar av året, kan prioriterast etter søkjar med konstant varig forflyttingshemming.

## 4 Ut-/innmelding av brukarar til fylkeskommunen

Kommunane skal 2 gonger årleg - innan den 10. i månadene mai og november – opplyse kva godkjende brukarar som skal meldast ut og nye som skal meldast inn. Samstundes skal adresseendringar opplysast.

Søklarar godkjend etter førsteprioritet (jfr 3.3.1) kan innmeldast løpande utanom ordinære innmeldingstidspunkt i mai og november. Ved slik innmelding blir fastsett brukartak ikkje endra, men tal brukarar som kan godkjennast skjønsmessig (jfr 3.3.2) blir å tilpasse til fastsett ved komande ordinære innmeldingstidspunkt.

## 5 Fylkeskommunalt tilskot. Fordeling av reisebeløp

Fylkeskommunen fastsett eit maksimalt årleg tilskot til transporttenesta.

Fastsett tilskotsramme blir å fordele ved at fylkeskommunen sender ut reisekupongar (verdikupongar) til godkjende tt-brukarar.

Ordinært reisebeløp:

- TT-brukarane blir inndelt i 2 soner. Brukarar i sone A bur inntil 10 km frå kommunesenter. Brukarar i sone B bur over 10 km frå kommunesenter.
- TT-brukarar i sone B får eit høgare reisebeløp enn brukarar i sone A.
- Rullestolbrukarar får eit høgare reisebeløp enn vanlege brukarar i si sone.

Innanfor den fastsette tilskotsramma fastsett fylkeskommunen kor stort reisebeløp kvar transportbrukar i kvar sone får tilsendt.

Ekstra reisebeløp:

- Brukarar under 67 år kan få eit ekstra reisebeløp ved at fylkeskommunen fordeler ein mindre del av tilskotsramma (retningsgjevande inntil 10%) til dette føremålet. Fordelinga skjer på bakgrunn av skriftleg førespurnad frå den einskilde tt-brukar eller annan person på vegne av tt-brukaren.

Intensjonen er – innanfor tilgjengeleg tilskotsramme - å åpne for ein meir fleksibel/etterspurnadsstyrt fordeling til yngre brukarar. Fordeling vil skje etter skjønn. Fylkeskommunen kan avvise å etterkomme ønske om ekstra reisebeløp dersom budsjettmessige omsyn tilseier det, eller vedkomande brukar tidlegare har motteke ekstra reisebeløp.

## 6 Bruk av brukarkort og reisekupongar

- Fylkeskommunen sender ut brukarkort og reisekupongar til godkjende brukarar.
- Brukarkort og reisekupongar er personlege og kan ikkje overdragast til andre.
- Brukarkort og reisekupongar skal nyttast saman. Brukarkort skal framvisast til sjåfør saman med gyldige reisekupongar.
- Tap av reisekupongar blir ikkje erstatta.
- Tap av brukarkort blir erstatta ved å kontakte fylkeskommunen eller heimkommunen
- Godkjend tt-tbrukar tingar transport hos drosjeeigar, drosjesentral, eller annan transportør som tek del i ordninga
- Bruk av reisekupong (utfylling, betaling, eigendel) skjer som fastsett av fylkeskommunen
- Brukarkort og reisekupongar kan nyttast i alle kommunane i Møre og Romsdal.
- Brukarkort og reisekupongar kan nyttast utanfor Møre og Romsdal dersom transportøren aksepterer framviste brukarkort og reisekupongar
- Reisekupongar kan ikkje vekslast inn. Dette er å sjå på som misbruk og kan føre til at vedkomande tt-brukar mister si brukargodkjenning

## 7 Oppgjer transportør - fylkeskommune

- Transportør sender rekning (fastlagt skjema) vedlagt nytta reisekupongar til fylkeskommunen
- Rekning skal sendast innan den 10. i kvar månad.

- Drosjesentralar sender samlerekning for sine transportørar.

## 8 Kommunalt tilskot

Kommunane kan løyve kommunalt tilskot til transporttenesta utover den fylkeskommunale ramma, t d om ein ønskjer å godkjenne brukarar utover fastsett brukartal. Kommunane kan sjølve administrere slike ordningar, eller i samarbeid med fylkeskommunen søkje å finne praktiske felles ordningar.

## 10 Tolking av retningslinjer

Spørsmål om tolking av retningslinjene blir å leggje fram for fylkeskommunen

## 11 Delegasjon

Samferdselssjefen administrerer transporttenesta i samsvar med desse retningslinjene og etter økonomiske rammer fastsett av fylkestinget/samferdselsutvalet.

Samferdselssjefen har fullmakt til å inngå avtale med andre instansar om administrasjon av delar av transporttenesta.

Samferdselssjefen har fullmakt til å godkjenne mindre vesentlege fråvik frå retningslinjene. Slike fråvik må rapporterast til samferdselsutvalet.

Samferdselssjefen må halde samferdselsutvalet orientert om bruken av tilskotsramma.

## 12 Iverksetting

Desse retningslinjene trer i kraft etter vedtak av samferdselsutvalet i Møre og Romsdal. Tidlegare retningslinjer gjeldande frå 1. mai 1994 blir samstundes oppheva.

## S Ø K N A D

### REISERETT TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA I MØRE OG ROMSDAL

NB Utfylt søknad skal sendast til kommunal godkjenningssinstans i bustadkommunen. NB

Søknad må vere fullstendig utfylt. Kommunal godkjenningssinstans gjev nærare opplysningar og kan hjelpe til med utfylling av søknad. Kommunal godkjenningssinstans kan be om erklæring på eige skjema frå til dømes lege. Søkjar må sjølv betale eventuelle utgifter ved slik erklæring.

Sjå elles orienteringa om transporttenesta på baksida av søknadsskjemaet.

#### FYLL UT

ETTERNAMN	FORNAMN	FØDT (DAG, MÅNAD, ÅR)
ADRESSE	POSTNUMMER/POSTSTAD	TELEFON

#### KRYSS AV FOR KVA FUNKSJONSHEMMING(AR):

<input type="checkbox"/>	1. RØRSLEHEMMA	<input type="checkbox"/>	6. REVMATIKAR
<input type="checkbox"/>	2. BLIND	<input type="checkbox"/>	7. HJARTESJUK
<input type="checkbox"/>	3. SVAKSYNT	<input type="checkbox"/>	8. LUNGESJUK
<input type="checkbox"/>	4. DØV/ STERKT TUNGHØRT	<input type="checkbox"/>	9. PSYKISK LIDING
<input type="checkbox"/>	5. PSYKISK UTVIKLINGSHEMMA	<input type="checkbox"/>	10. ANNA (OPPLYS KVA)

EG NYTTAR RULLESTOL

EG NYTTAR STOKK, KRYKKJE, GÅSTOL

EG HAR GRUNNSTØNAD FRÅ TRYGDEKONTORET TIL TRANSPORT

EG HAR STØNAD FRÅ TRYGDEKONTORET TIL KJØP AV BIL

MIN EKTEFELLE/SAMBUAR HAR TRANSPORTTENESTE

MI FUNKSJONSHEMMING BLIR REDUSERT PÅ VISSE ÅRSTIDER

<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA*	<input type="checkbox"/>	NEI

\* DERSOM "JA". SYNEST DE AT DET DÅ "IKKJE BLIR", "BLIR NOKO" ELLER "BLIR MYKJE" LETTARE Å REISE, TIL DØMES MED BUSS ?

#### EG REISER I DAG SLIK (KRYSS AV EITT ELLER FLEIRE ALTERNATIV):

<input type="checkbox"/>	EIGEN BIL
<input type="checkbox"/>	DROSJE
<input type="checkbox"/>	SIT PÅ MED EKTEFELLE/SAMBUAR, ANNA FAMILIE , KJENDE
<input type="checkbox"/>	BUSS HEILE ÅRET
<input type="checkbox"/>	BUSS, MEN BERRE DELAR AV ÅRET

AVSTAND FRÅ BUSTAD TIL NÆRASTE BUSSHALDEPLASS (METER)

\_\_\_\_\_

DERSOM REISERETT BLIR INNVILGA KAN EG REISE SLIK:

<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE MED VANLEG DROSJE
<input type="checkbox"/>	EG TRENG SPESIALBIL (TIL DØMES FOR RULLESTOLBRUKAR)
<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE ÅLEINE, UTAN SPESIELL HJELP
<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE ÅLEINE, MEN TRENG HJELP AV SJÅFØR
<input type="checkbox"/>	EG TRENG Å REISE SAMAN MED EIGEN FØLJGEPERSON

UFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM KVIFOR DE SØKJER TRANSPORTTENESTE

---

---

---

---

---

DATO	SØKJAREN SI UNDERSKRIFT
------	-------------------------

#### ORIENTERING TIL SØKJAR OM TRANSPORTTENESTA

Transporttenesta er ei fylkeskommunal ordning, men kommunane godkjenner brukarar etter fylkeskommunale retningslinjer. I retningslinjene står det m a:

”Transporttenesta er meint å vere eit tilbod til funksjonshemma personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med varig livslang forflyttingshemming.”

”Funksjonshemminga skal være varig og må vare i minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal elles leggjast til grunn ved vurdering av søknad, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad.

Det kan såleis godkjennast personar som ikkje kan, eller berre med store (vesentlege) vanskar kan reise med buss.

Fylkeskommunen fastset kor mange personar som kan godkjennast som brukarar av transporttenesta i kvar kommune. Kommunane kan prioritere ein søkjar framfor ein annan søkjar. Søkjar kan plasserast på venteliste. Ein brukar blir godkjend for eitt år, men ny årleg søknad er ikkje naudsynt. Ein godkjend brukar kan få oppheva si brukar-godkjenning, til dømes dersom annan søkjar blir prioritert foran, eller dersom retningslinjene blir endra.

Kommunane melder frå til fylkeskommunen (samferdselssjefen) om kven som er godkjende brukarar av transporttenesta. Samferdselssjefen sender ut reisekupongar til godkjende brukarar. Desse reisekupongane skal nyttast ved bruk av transporttenesta.

Transporttenesta er eit tilbod om "dør til dør" transport med drosje eller med småbuss spesielt utstyrt for å transportere funksjonshemma. Transporttenesta er mest eit tilbod om fritidsreiser. Transporttenesta skal ikkje nyttast ved reiser som blir betalt av andre, t d reiser til/frå lege betalt av folketrygda (trygdekontor). Eigendelen ved slike reiser skal ein betale sjølv som andre pasientar.

IKKJE OFFENTLEG  
FORVALTNINGSLOVA § 13 (teiingsplikt)

## ERKLÆRING

### SØKNAD OM TRANSPORTTENESTE FOR FUNKSJONSHEMMA

Skal nyttast som vedlegg til søknad om transportteneste for funksjonshemma  
Fyllast ut av til dømes lege, fysioterapeut, ergoterapeut,  
Utfylt erklæring skal returnerast til kommunal instans i søkjaren sin bustadkommune  
for handsaming.

FYLL UT/KRYSS AV . SJÅ FØRST ORIENTERING PÅ BAKSIDA

Etternamn søkjar	Fornamn søkjar	Født (dag, månad, år)
Adresse	Postnummer	Poststad
Opplys kva funksjonshemming(ar), jfr orienteringa		

<input type="checkbox"/>	Funksjonshemminga varar heile livet
<input type="checkbox"/>	Funksjonshemminga varar i minst eitt år. Bør kontrollerast (år) _____
<input type="checkbox"/>	Funksjonshemminga er varig og stabil heile året
<input type="checkbox"/>	Funksjonshemminga er varig, men betring visse årstider (sjå neste side **)
<input type="checkbox"/>	Funksjonshemminga varar under 1 år

Søkjar nyttar: rullestol  stokk:  krykkje:  gåstol:  ikkje støtte:

<input type="checkbox"/>	Søkjar kan forflytte seg utan særleg nedsett forflyttingsevne
<input type="checkbox"/>	Søkjar kan forflytte seg med noko nedsett forflyttingsevne.
<input type="checkbox"/>	Søkjar har mykje nedsett forflyttingsevne.
<input type="checkbox"/>	Søkjar har særst nedsett forflyttingsevne.
<input type="checkbox"/>	Kor langt kan søkjar gå (meter) utan behov for pause. Dersom over 500 meter opplys omtrentleg kor lang strekning

Konsekvensar av nedsett forflyttingsevne i forhold til å kunne reise med buss. Her skal ikkje takast omsyn til eventuelt mangelfullt busstilbod eller lang avstand til haldeplass:

<input type="checkbox"/>	Søkjar kan reise med buss, eventuelt med noko vanskar
<input type="checkbox"/>	Søkjar kan reise med buss, men berre med store (vesentlege) vanskar *
<input type="checkbox"/>	Søkjar kan ikkje reise med buss*

\*Søkjar

kan nytte vanleg drosje  
treng hjelp av sjåfør  
treng ikkje hjelp

<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>

treng spesialbil  
bør/må ha eigen følgjeperson

<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>

Ufyllande opplysningar om funksjonshemming og nedsett forflyttingsevne.

\*\* Ved varig funksjonshemming, men betring visse årstider, opplys i kva grad betring påverkar søkjar si forflyttingsevne. Kan t d søkjar nytte buss utan større vanskar delar av året, eller har søkjar store vanskar heile året med trong for drosje/spesialbil ?

Stad, dato	Underskrift, stempel	Telefon
------------	----------------------	---------

### ORIENTERING

Den fylkeskommunale transporttenesta er eit tilbod til funksjonshemma om "dør til dør" transport. Kommunane godkjenner brukarar til tenesta etter fylkes-kommunale retningslinjer. Transporten blir utøvd med vanleg drosje eller med spesialbilar (småbussar t d for rullestolbrukarar).

#### Kort om type funksjonshemmingar:

Søklarane er delt inn i rørslehemma, blind, svaksynt, døv/sterkt hørselshemma, psykisk utviklingshemma, revmatikar, hjartesyjuk, lungesyjuk, psykisk lidning og anna funksjonshemming. Ein søklar kan ha fleire funksjonshemmingar.

Hovudgruppa brukarar av transporttenesta er rørslehemma.

#### Kort om godkjenningsskrav, utdrag frå retningslinjer

”Transporttenesta er meint å vere eit tilbod til funksjonshemma personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med varig livslang forflyttingshemming.”

”Funksjonshemminga skal være varig og må vere i minst 1 år for at søklar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal elles leggjast til grunn ved vurdering av søknad, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad.

Rullestolbrukarar og blinde blir automatisk godkjend. Andre søklarar blir vurdert skjønsmessig etter retningslinjene.

Personar busett i kommunale eller private institusjonar/buformer med heildøgns omsorg og pleie med heimel i Lov om helsetenester i kommununane kan ikkje godkjennast. Unntak gjeld personar under 67 år.

#### Føremålet med denne erklæringa

Føremålet med denne erklæringa er å få ei sakkunnig vurdering av om søkjaren grunna si funksjonshemming ikkje kan, eller berre med store (vesentlege) vanskar kan nytte buss. Erklæringa skal nyttast som vedlegg til søknad, og som grunnlag for handsaming av søknad.

